

Statsspråk

Bladet for godt språk i staten



Turistisk kart over Eggen rundt Christiania 1790. Foto: Fotografisk Atelier. Det. Kgl. Bibliotek i København.

Nytt kurs skal lette stadnamnarbeidet

Etter endringane i stadnamnlova i 2019 fekk Språkrådet heile ansvaret for rådgjevinga som gjeld norske og kvenske namn. Språkrådet lagar no eit e-læringskurs for å rettleie kommunetilsette i stadnamnsaker.

AV SIGRID SØRUMGÅRD BOTHEIM

Stadnamna i Noreg blir sett på som felles kulturminne. Difor er det det offentlege som skal vedta skrivemåten for stadnamn. I mange saker kan kommunane sjølv gjera vedtak om skrivemåten, for eksempel i adresser eller hyttefelt. For å lette dette arbeidet har Språkrådet laga eit e-læringskurs.

– Kurset gjev ei grundig innføring i stadnamnlova. Det vil hjelpe dei tilsette i kommunane med å finne fram til dei riktige paragrafane, og det inneheld eksempel på korleis ein kan bruke skjønn når ein vurderer ei sak, seier Daniel Ims,

sekjonssjef for språkrøkt og språkrådgjeving i Språkrådet.

I tillegg til å opplyse om regelverket og arbeidsgangen i namnesaker skal kurset formidle kunnskap frå namnegranskingsfaget.

– Namnegranskingsfaget som eige studium er lagt ned ved dei norske universiteta. Eit formål med kurset er òg å halde på og formidle noko av den kunnskapen som finst, sidan det no er få tilbod for dei som ynskjer å lære meir om sjølve faget, seier Ims.

Målfrid høster inn målbruksdata

Hvert år fører Språkrådet tilsyn etter målloven for å se om statsorganenes bruk av nynorsk og bokmål er i tråd med det gjeldende regelverket. Sentrale statsorganer og departementer leverer rapport med oversikt over målbruken i ulike kanaler.

Siden 2017 har Språkrådet samarbeidet med Nasjonalbiblioteket om å utvikle Målfrid, et verktøy for å høste inn målbruksdata digitalt. En digital rapportering vil forhåpentlig frigjøre tid til mer praktisk språkarbeid i statsorganene og forenkle dialogen med Språkrådet.

Målfrid blir tatt i bruk i målbruksrapporteringen for 2020. Hun skal høste inn målbruksdata fra alle .no-domener som tilhører statsorganer med rapporteringsplikt. Rapportering av målbruksstall fra skjemaer og sosiale medier vil inntil videre foregå manuelt via et digitalt skjema.



Stadnamngransking handlar om språkhistorie, dialektar, etymologi og kart – ja, om alt som er kult!

Ivar Berg

→ Etter planen skal kurset vera ferdig i april 2021. Det blir lagt ut på nettsidene til Språkrådet og vil òg vera tilgjengeleg på DFØs læringsplattform.

Uttalen ligg alltid til grunn

I saker som gjeld gardsnamn, bruksnamn, seternamn eller naturnamn, er det ikkje kommunane, men Kartverket som gjer vedtak. Berit Sandnes er stadnamnansvarleg for region Midt i Kartverket. Ho fortel at ein må ta ulike omsyn når ein skal fastsetja ein skrivemåte.

– I lova står det at ein skal ta utgangspunkt i nedarva lokal uttale, og ein skal følgje rettskrivingsprinsippa. Det som er spesielt i Noreg, er at uttalen har så mykje å seia. Det er lett å tenkje at den skriftlege forma er det *eigentlege* namnet, og mange synest det er vanskeleg å skjønna kvifor uttalen er så viktig.

Sandnes gjev eit eksempel: I mange namn er det brukt stum h, som i etterleddet -seth. Denne h-en er ein «pyntebokstav» som kom inn i skifta i dansketida. Men det er rettskrivinga og språkhistoriske tilhøve som avgjer om ein fastset skrivemåten med eller utan h i slike tilfelle.

Kva trengst for at Kartverket også i framtida skal kunna gjera fagleg funderte og godt grunngjevne vedtak?

– Vi treng folk med stadnamnkompetanse, men det har vorte vanskelegare å rekruttere slike folk dei siste åra. Eg er ikkje uroleg for stadnamna i seg sjølv – dei vil overleva, for det er umogleg å finne fram på eit noregskart utan stadnamn. Men namnegranskingsa som fag må nok definere seg på nytt, til liks med andre små humaniorfag. Vi må tenkje nytt om korleis vi gjer emnet interessant som fagfelt, meiner Sandnes.

Vanskelege saker krev fagkunnskap

Forvaltninga – det vil i praksis seia kommunane eller Kartverket – må av og til vurdere om ein skal sleppe gjennom lokale former som skil seg frå rettskrivinga.

– Når ein skal vurdere slike saker, er det viktig å ha kjennskap til systemet i dei ulike dialektane. Då treng ein fagfolk til å manøvrere, for slike saker kan skapa debatt

i lokalsamfunna, seier Ivar Berg ved NTNU. Berg er professor i nordisk språkvitskap, namnekonsulent og medlem av Språkrådets fagråd for stadnamn. Han meiner at dei historiske disciplinane i nordiskstudia må bli revitaliserte, og at det kulturhistoriske aspektet er nødvendig å kjenne til når ein skal drive tilsynsarbeid etter stadnamnlova.

– Stadnamngransking handlar om språkhistorie, dialektar, etymologi og kart – ja, om alt som er kult! Nedbygginga av namnegranskingsfaget er nok del av ein overordna trend der tradisjonsdisiplinar som språkhistorie, norrønt og dialektar har vorte mindre viktige. Mange som driv med stadnamn i dag, er ikkje reindyrka spesialistar, men kjem frå andre, tilgrensande fagfelt.

Hundreåring får nytt liv

Sjølv om stadnamnfaget gradvis har vorte nedbygd ved universiteta, skjer det nyvinningar på feltet. Peder Gammeltoft, fagleg leiar for Språksamlingane ved Universitetet i Bergen, seier at han er sjef for ein vital hundreåring som snart er klar til å hoppe ut i eit nytt tilvære.

– I år er stadnamnarkivet hundre år, og på bursdagen blir arkivet digitalt. Innhaldet blir mykje meir tilgjengeleg. Dessutan veks arkivet med tilfang frå arkiv ved andre universitet.

I desse dagar testar Gammeltoft ein digital portal for stadnamnarkivet. Portalen skal gje oversyn også over andre og mindre stadnamnarkiv i landet. Planen er at nettportalen skal vera klar til ein jubileumskonferanse i oktober. Og dimed er arkivet klart for hundre nye år?

– Ja, vi må ha eit stadnamnarkiv. Spørsmålet er om vi har nokon til å arbeide med arkivet. På normeringssida har vi det; normering står sterkt i Noreg. Kartverket og Språkrådet brukar arkivet regelmessig. Men stadnamn som forskingsfelt og historisk dokumentasjon står svakare. Eg meiner at framtida må vera digital. Det blir mykje enklare for dei som forvaltar stadnamna, og for dei som er interesserte i faget. Skal ein ha eit ordentleg arkiv, må det vera så omfattande og heilsakleg som mogleg. Vi er på god veg dit no, seier Gammeltoft.

Nylansering av base med studie-administrative termar

Universitets- og høgskolerådet (UHR) forvaltar ein base med studieadministrative termar for bokmål, nynorsk og engelsk. UHRs termbase inneheld meir enn 6000 termar. No er basen nylansert med nye termar og oppdatert innhald. Han er samstundes flytta til Termportalen ved Universitetet i Bergen. Termportalen er ein nasjonal nettportal der ein kan søkje etter norske termar på tvers av fleire basar og fagområde.

UHR rår tilsette i universitets- og høgskulesektoren til å bruke termbasen. Målet er at terminologien ved dei ulike institusjonane skal bli mest mogleg eins. Språkrådet er med i gruppa som utviklar basen og held han ved like.

→ [Gå inn på nettstaden term.uib.no for å søkje i basen.](http://term.uib.no)

Veiledning om godt språk i regelverk

Språkrådet lanserer nå veiledningen *Godt språk i regelverk*. Alle som skriver lover og forskrifter, får med dette tilgang til et verktøy som kan lette arbeidet.

Veiledningen inneholder både regler og råd: regler for rettskriving, tegnsetting og lovhenvisninger, og råd om ordvalg, setningsbygning og struktur. Et særskilt kapittel tar for seg bruk av nynorsk i lover og forskrifter, og et annet gir innføring i en velprøvd arbeidsmetode.

Rådene er konkrete, og de er tilpasset sjangeren. Mye av stoffet er basert på autentiske eksempler fra lover, forskrifter og andre tekster fra offentlig sektor.

↓ [En kortversjon av veiledningen er publisert på sprakradet.no/regelverk. Den fullstendige versjonen kan lastes ned som pdf-fil.](http://sprakradet.no/regelverk)

Trygt nytt skriveår!

Har den språklige kjernemuskulaturen blitt svekket i det siste?
 Er terskelen for å be om hjelp høyere når du sitter på hjemmekontor?
 Gjør du de samme feilene igjen og igjen? Ta disse sju stegene,
 og bli en støtere skribent enn du var i fjer!



1 Lær deg de viktigste kommareglene:

- komma mellom to hovedsetninger: *Jeg kan fransk, og neste år skal jeg lære meg spansk.*
- komma etter leddsetning (understreket): *Ordboka som lå på bordet, var mi. At en pandemi kunne få slike konsekvenser, hadde jeg ikke trodd.*
- komma før og etter innskutt tilleggsinformasjon: *Direktøren, som var opptatt med å lese Statsspråk, møtte ikke opp.*
- ikke komma etter preposisjonsuttrykk: *Ved søknad om godkjenning [ikke komma] må du legge ved legeerklæring.*

Pst! En setning (hovedsetning eller leddsetning) må inneholde et finitt verb, dvs. et verb i presens, preteritum eller imperativ (som *kan*, *skal*, *lå*, *var*, *møtte* ovenfor).

2 Husk at sammensetninger med en forkortelse eller en enkelt bokstav som førsteledd skal ha bindestrek:

e-post, EU-regler, x-akse, PP-tjenesten

3 Husk å sette inn bindestrek der du sløyfer fellesleddet i den ene av to sideordnede sammensetninger:

til- og frakopling, etter- og videreutdanning, lederkompetanse og -egenskaper
 Fellesleddene her er altså *kopling, utdanning* og *leder*.

4 Lær tastekombinasjonene for akutt og grav aksent:

- Akutt aksent (én, idé, André)
- PC: Alt Gr + \ og deretter bokstav
 - Mac: ' og deretter bokstav

Grav aksent (øg, à jour, Genève):

- PC: Shift + \ og deretter bokstav
- Mac: Shift + ' og deretter bokstav

5 Husk at de fleste forkortelser skal ha punktum:

- f.eks., bl.a., o.l.

Det viktigste unntaket fra denne regelen er mynt, mål og vekt (*kr, cm, kg*).
 Det er altså forskjell på *m.m.* 'med mer' og *mm* 'millimeter'.

6 Lær deg reglene for punktlister.

Nedenfor er et galt og et riktig eksempel.

Galt:

I de fleste punktlister skal punktene:

- Ha liten forbokstav,
- Ikke ha skilletegn til slutt,
- Noenlunde like formuleringer.

Riktig:

I de fleste punktlister skal punktene

- ha liten forbokstav
- ikke ha skilletegn til slutt
- være noenlunde likt formulert

Det er ikke avgjørende hvor *skal* og *ha* står, så lenge punktene følger naturlig av innledningen.
 Kolon brukes bare der det ville ha vært riktig i vanlig tekst (f.eks. *Punktlister må tilfredsstille følgende krav: De ...*). Se mer på sprakradet.no/punktlister.



7 Lag en liste over hvordan de mest brukte faste uttrykkene med småord skrives, og heng den over pulten din. For eksempel:

*altfor, ifølge, idet, iblant, overalt
 for så vidt, i alt, i dag, om bord, til stede, til sammen*

+ Utfullende informasjon om reglene ovenfor finner du på sprakradet.no/sprakhjelp/skriveregler.
 Lurer du på hvordan et ord staves og bøyes, kan du slå opp i Nynorskordboka og Bokmålsordboka på nett: ordbok.uib.no.



Returadresse:
Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo



SPRÅKTIPS

«Statsforvaltaren» inn i lovgjevinga

Stillingstittelen «fylkesmann» vart endra til «statsforvaltar» frå 1. januar 2021. Endringa er ei følgje av at regjeringa innfører kjønnsnøytrale titlar i staten. Kommunal- og moderniseringsdepartementet førestår no endringar i lovgjevinga slik at «fylkesmannen» blir endra til «statsforvalteren» på bokmål og «stats-

forvaltaren» på nynorsk. I forslaget til lovvedtak står det at om lag 100 lover inneholder ordet «fylkesmannen». Fylkesmannen er omtalt i kraft av rolla som klageorgan, tilsynsorgan, godkjenningsorgan eller styresmakt på ulike fagområde.

Lær av dei beste

– bli med på utdeling av klarspråksprisane!

Merk deg datoën 13. april! Då deler kommunal- og moderniseringsminister Nikolai Astrup ut klarspråksprisane for 2020. Klarspråksprisane går til statsorgan og kommunar som arbeider langsiktig og systematisk med klarspråk.



Klarspråks-
prisane
13. april

Prisane blir delt ut under eit digitalt arrangement. På programmet står både faglege føredrag og takketalar frå vinnarane.



Program og lenke til arrangementet vil du finne på klarsprak.no.

Språkegget

– formidlet til massene av VG

Jeg har nettopp adressert lange polkøer til overordnede myndigheter, som eksempel på stor mobilitet.

Ja, når polkøene blir sendt i posten, er det vel mye mobilitet i samfunnet. (Det får være nok at polvarene har fått bein å gå på!)



Språkspørsmålet

Jeg kom over denne formuleringa i en stillingsannonse: «Du bør ha god munnleg og skriftleg førestellingsevne på norsk og engelsk.» Jeg finner ikke *førestellingsevne* i ordbøkene, men ser det har blitt brukt tidligere i stillingsannonser. Er det et ord man kan bruke på nynorsk?

Svar: I denne annonsen skulle det ha stått *framstillingsevne*, som på bokmål. Det handler om formuleringsevne med mer.

I 2012 gikk skrivemåten *førestelling* ut av rettskrivinga, og *førestilling* ble obligatorisk i nynorsk. Men *førestilling* er noe helt annet enn *framstilling*. Det er det samme som bokmål *forestilling* i betydningen 'idé, tanke(bilde)'. *Førestillingsevne/forestillingsevne* er altså nærmest det samme som fantasi. Det er ikke så vanlig å etterlyse det i stillingsannonser. Merk at *forestilling* i betydningen 'teaterstykke, oppførelse' heter *framsyning* på nynorsk.

På språkrådet.no er det mange gode råd om språk i stillingsannonser på nynorsk.

Sitatet



Der er ikkje paa Jordi two, som talar det same Maal. Kvar legg sitt i Ordi; dei talar med dei same Ord um kvar sine Ting.

Arne Garborg